



Hilmar Andersen
Titlandsvegen 32
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/515 - 19/10167

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.03.2019

Førebels svar på søknad om frådelling av ny grunneigedom - gbnr 64/1 Myksvoll øvre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 64/1
Tiltakshavar:
Heimelshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppretting av ny grunneigedom med eksisterande bustad den 21.02.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel til gbnr 64/23, Lindås kommune som eigar av kommunevegen.
2. Heimelshavar Jorunn Andersen sin signatur på søknadsskjema.
3. Situasjonsplan som er målsatt.
4. Avtale som sikrar den nye parsellen vegrett og rett til å framføring av anlegg for vatn og avløp over hovudbruket, jf. opplysningar gitt i søknaden om at tilkomst, vassforsyning og avløp er sikra.
5. Utgreiing i forhold til framtidig bruk av ny parsell og resterande del av gardsbruket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 4 veker, dvs. 24.04.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Søknaden vert send på høyring til regionale styresmakter i samsvar med plan- og bygningslova § 19-1, sjå eige skriv. Høyringsfrist er 4 veker.

Søknaden krev eige vedtak om deling etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga for handsaming etter jordlova når høyringsfristen er ute.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hilmar Andersen

Titlandsvegen 32 5912

SEIM

Mottakarar:

Hilmar Andersen

Titlandsvegen 32 5912

SEIM